Kvart tertial rapporterer rådmannen til kommunestyret. I hovudtrekk inneheld rapporten ei skildring av økonomisk status som skal vere grunnlaget for eventuelle justeringar i løpet av drifts- og rekneskapsåret. Det er Aurland kommune sine retningsliner som er førande for rapporteringa, med vekt på avvik i resultat og ressursbruk i vedteke årsbudsjett.

**Utfordringar i driftsrekneskapen i 2019**

Etter eit godt år økonomisk i 2018 viser prognosane for 2019 eit mykje meir utfordrande driftsrekneskap. Hovudgrunnane til dette er reduksjon i utbyte frå ARU (Aurland Ressursutvikling) frå kr 8 millionar i 2018 til kr 2,4 millionar i 2019. Skatteinntekter viser også litt reduksjon frå den gode inngangen i 2018. I tillegg er det overforbruk på bu- og miljøtiltak med om lag kr 3 millionar. Dette skuldast nye tiltak samt at ein ikkje har klart å ta ned kostnadane på eksisterande tiltak. På teknisk er progrosane noko usikre, mellom anna gjeld det periodisering av straum, samt eventuelt uføresette kostnader.

**Investeringsprosjekt**

Aurland kommune har vedteke eit investeringsbudsjett på om lag kr 75 millionar i 2019. I 2018 vart det gjennomført investeringar på kr 77 millionar. Dette er svært høge investeringar med tanke på finansiering og kapasitet i organisasjonen. Det er tilrådd endringar i investeringsbudsjettet for 2019 noko som vil medføre reduserte kostnader med nær kr 30 millionar i høve opphaveleg investeringsbudsjett. Investeringane etter flaumen i Flåm er no ferdig og vart avslutta med at brua til skulen vart ferdigstilt våren 2019.

## Driftsoversikt

**DRIFTSOVERSIKT**

| | Vedteke budsjett 2019 | Prognose | Avvik |
|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | 83 400 000 | 83 100 000 | -300 000 |
| Rammetilskot | 40 100 000 | 40 600 000 | 500 000 |
| Eigedomsskatt | 39 000 000 | 39 000 000 | - |
| Konsesjonsavgift | 16 200 000 | 16 200 000 | - |
| Flyktningetilskot | 2 600 000 | 2 600 000 | - |
| Andre statlege overføringar | 1 200 000 | 1 200 000 | - |
| **SUM FRIE INNTEKTER** | **182 500 000** | **182 700 000** | **200 000** |
| Renteinntekter | 1 000 000 | 1 000 000 | - |
| Utbyte | 8 000 000 | 3 900 000 | -4 100 000 |
| Renteutgifter lån | -2 700 000 | -3 100 000 | -400 000 |
| **Netto renteutgifter/-inntekter** | **6 300 000** | **1 800 000** | **-4 500 000** |
| Mottekne avdrag på lån | 200 000 | 200 000 | - |
| Avdragsutgifter lån | -8 000 000 | -8 000 000 | - |
| **Netto avdragsutgifter** | **-7 800 000** | **-7 800 000** | - |
| **NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER** | **-1 500 000** | **-6 000 000** | **-4 500 000** |
| ***TIL FORDELING*** | ***181 000 000*** | ***176 700 000*** | ***-4 300 000*** |
| Til driftsrammer: | | | |
| Politisk leiing | 3 189 000 | 2 929 000 | -260 000 |
| Sentraladministrasjon | 20 034 000 | 20 000 000 | -34 000 |
| Kultur | 4 995 000 | 5 069 000 | 74 000 |
| Aurland barne og ungdomsskule | 19 429 000 | 19 279 000 | -150 000 |
| Flåm barnehage | 4 561 000 | 3 875 000 | -686 000 |
| Vangen barnehage | 6 310 000 | 6 785 000 | 475 000 |
| Flåm skule | 6 396 000 | 6 327 000 | -69 000 |
| Helse og førebyggjande | 14 593 000 | 15 494 000 | 901 000 |
| NAV Aurland | 2 314 000 | 1 721 000 | -593 000 |
| Barnevern | 3 203 000 | 2 659 000 | -544 000 |
| Pleie og omsorg | 37 037 000 | 38 259 000 | 1 222 000 |
| Bu- og miljøtenester | 19 583 000 | 22 509 000 | 2 926 000 |
| Teknisk | 24 103 000 | 22 994 000 | -1 109 000 |
| Nøytrale inntekter / utgifter | 1 235 000 | 1 703 000 | 468 000 |
| Sal av konsesjonskraft | -8 000 000 | -11 000 000 | -3 000 000 |
| Lønsoppgjer (blir fordelt) | - | - | - |
| ***Sum driftseiningane*** | **158 982 000** | **158 603 000** | **-379 000** |
| Disposisjonar: | | | |
| Avsetning til disposisjonsfondet | | | - |
| Avsetning av utbyte | -2 858 000 | -2 858 000 | |
| Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet | -16 300 000 | -16 300 000 | - |
| Avsetning til flyktningfond | -2 700 000 | -2 700 000 | - |
| Overføring til investering (driftsoverskot) | -160 000 | -160 000 | - |
| **Netto disposisjoner** | **-22 018 000** | **-22 018 000** | - |
| ***Balanse (underskot)*** | **-** | **-3 921 000** | **-3 921 000** |

Prognosen viser avvik pr. 2. tertial som er vidareført som budsjettert resten av året. Samla viser prognosen eit meirforbruk (underskot) på kr 3,9 mill.

## Finanskapitalen

Finanskapitalen viser kommunen sin evne til å forvalte dei økonomiske ressursane på ein slik måte at dei politiske vedtekne måla for den kommunale tenesteytinga og utviklinga av lokalsamfunnet kan realiserast. Kapitalen blir målt ved årsresultat, storleiken på disposisjonsfond og likviditet. Den langsiktige gjelda (gjeldsgrad) er også ein viktig måleindikator.

## Skatteinngang

SKATTEINNGANG
Aurland kommune
2019 årstall
2019 Budsjettert inngang 83 400 000
2018 Sum inngang 85 477 154
Endring -2 077 154 -2,43 Auke i prosent (budsjett)

| | Skatteinngang pr.mnd. | Periodisert Budsjett 2018 | Avvik | Skatte-inngang akkumulert | | auke i høve til 2018 | %-auke i år i høve til 2018 | % inngang pr. mnd. 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2019 | | 2019 | 2018 | | | |
| januar | 6 715 238 | 6 673 337 | 41 901 | 6 715 238 | 10 335 690 | -3 620 452 | -35,03 % | 8 % |
| februar | 15 698 484 | 14 103 363 | 1 595 121 | 22 413 722 | 21 080 220 | 1 333 502 | 6,33 % | 17 % |
| mars | 8 266 277 | 8 007 346 | 258 931 | 30 679 999 | 29 163 136 | 1 516 863 | 5,20 % | 10 % |
| april | 15 716 106 | 13 878 400 | 1 837 706 | 46 396 105 | 43 931 496 | 2 464 609 | 5,61 % | 17 % |
| mai | 9 449 441 | 10 937 155 | -1 487 714 | 55 845 546 | 56 588 716 | -743 170 | -1,31 % | 13 % |
| juni | 98 521 | 178 160 | -79 639 | 55 944 067 | 56 833 959 | -889 892 | -1,57 % | 0 % |
| juli | 7 020 433 | 6 266 227 | 754 206 | 62 964 500 | 63 875 777 | -911 277 | -1,43 % | 8 % |
| august | 1 050 805 | 893 332 | 157 473 | 64 015 305 | 64 589 750 | -574 445 | -0,89 % | 1 % |
| september | 9 546 595 | 10 126 470 | -579 875 | 73 561 900 | 75 002 029 | -1 440 129 | -1,92 % | 12 % |
| oktober | | -91 316 | 91 316 | 73 561 900 | 71 471 309 | - | #VERDI! | 0 % |
| november | | 11 627 237 | -11 627 237 | 73 561 900 | 85 148 576 | - | #VERDI! | 14 % |
| desember | | 800 290 | -800 290 | 73 561 900 | 85 477 154 | - | #VERDI! | 1 % |
| SUM | 73 561 900 | 83 400 000 | -9 838 100 | | | | | 1,00 |

Skatteinngang på personskatt pr. september viser at kommunen ligg om lag kr 1,4 millionar under det som var kome inn på same tidspunkt i 2018. Samla inngang i 2018 var kr 84,5 millionar, slik at dersom ein får same inngangen resten av året samanlikna med i fjor vil kommunen ende opp med kr 83,1 millionar. Dette er om lag kr 0,3 millionar under budsjettert inngang.

## Finansforvaltning

Aurland kommune har ikkje noko finansiell plassering av midlar bortsett frå ordinære bankinnskot.

Balansesamansetning i rekneskapen pr 30.4.2019:

| **Eigedelar og gjeld** | **Pr 31.8.2019** | **Pr 31.8.2018** |
|---|---|---|
| | | |
| Faste eigedomar og anlegg | 521 732 777 | 469 710 533 |
| Utstyr, maskiner og køyretøy | 27 843 000 | 23 601 896 |
| Utlån | 22 617 781 | 16 699 286 |
| Aksjar og andeler | 46 557 879 | 45 821 480 |
| Pensjonsmidlar | 313 940 529 | 287 252 047 |
| **Sum anleggsmidlar** | **932 691 966** | **843 085 242** |
| | | |
| Kortsiktige fordringar | 28 788 790 | 20 414 821 |
| Premieavvik | 17 881 680 | 16 421 006 |
| Kundefordringar | 6 300 522 | 3 732 669 |
| Kasse, bank | 56 760 555 | 48 973 496 |
| **Sum omløpsmidlar** | **109 731 547** | **89 541 992** |
| | | |
| **Sum eigedelar** | **1 042 423 513** | **932 627 234** |
| | | |
| **Passiva (gjeld)** | | |
| Pensjonsforpliktingar | 359 843 993 | 347 527 494 |
| Lån (langsiktig) | 207 873 130 | 137 448 470 |
| Kortsiktig gjeld | 33 019 533 | 37 735 777 |
| **Sum gjeld** | **600 736 656** | **522 711 741** |
| | | |
| **Eigenkapital** | **441 686 857** | **409 915 493** |
| | | |
| **Sum gjeld og eigenkapital** | **1 042 423 513** | **932 627 234** |

**Kommentarar til aktiva:**

Investeringar på eigedomar og utstyr er ikkje med – blir lagt inn ved årets slutt.
Aksjar og eigedeler – Aurland Ressursutvikling står med verdi på kostpris lik kr 20,5 millionar og Aurland Energiverk ligg inne med verdi på kr 16,5 millionar. Marknadsverdien på desse aksjepostane vil vere langt høgare.
Premieavvik – dette er betalte premiar til KLP og SPK som ikkje er utgiftsførte enno, difor står dei som aktiva i rekneskapen. Summen må kostnadsførast i løpet av dei komande åra.

**Kommentarar til passiva:**

Pensjonsforpliktingar må sjåast i samanheng med pensjonsmidlar på aktivasida. Dette er forpliktingar i samband med framtidige utbetalingar.

| LÅNEPORTEFØLJE AURLAND | | | Saldo | Renter | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lånenr | 31.12.2018 | Avdrag 2019 | 31.12.2019 | 2019 | Låneform | Rentesats |
| Komm.banken | 19 200 000 | 1 920 000 | 17 280 000 | 401 280 | Flytande | 2,10 % |
| KLP kommunekreditt | 7 959 866 | 1 061 316 | 6 898 550 | 163 443 | Flytande | 2,10 % |
| KLP kommunekreditt | 4 125 000 | 375 000 | 3 750 000 | 86 625 | Flytande | 2,10 % |
| KLP kommunekreditt | 4 125 000 | 375 000 | 3 750 000 | 86 625 | Flytande | 1,80 % |
| Komm.banken | 8 366 250 | 727 500 | 7 638 750 | 176 055 | Flytande | 2,10 % |
| Komm.banken | 10 080 000 | 480 000 | 9 600 000 | 196 800 | Bunden rente | 2,50 % |
| Komm.banken | 10 071 700 | 437 900 | 9 633 800 | 216 761 | Flytande | 2,10 % |
| Komm.banken | 20 493 340 | 706 660 | 19 786 680 | 443 080 | Flytande | 2,10 % |
| Komm.banken | 31 929 020 | 600 000 | 31 329 020 | 695 838 | Flytande | 2,10 % |
| Komm.banken | 32 921 435 | 1 316 870 | 31 604 565 | 645 260 | Bunden rente | 2,30 % |
| Komm.banken | - | - | 49 170 000 | 440 481 | Bunden rente | 2,15 % |
| TOTALT | 149 271 611 | 8 000 246 | 190 441 365 | 3 552 248 | | |

Sju lån i kommunalbanken vart samanslegne til eitt lån i 2017. Kommunen styrer sjølv avdragsbetaling på desse låna men må betale minst det som er minimumsavdraget i følgje forskriftene.

**Kommentarar til fond:**

**Disposisjonsfondet:** Pr. 31.12.18 var disposisjonsfondet på kr 11,6 millionar. Mindreforbruk i rekneskapen for 2018 var på kr 10,7 millionar. Netto avsetning i budsjettet for 2019 er på kr 1,3 mill. Teoretisk behaldning ved årets slutt vil då vere om lag kr 23,6 millionar. I og med samla meirforbruk vil behaldninga ved årets slutt sannsynlegvis bli lågare enne dette.

**Konsesjonsavgiftsfondet:** Pr. 31.12.18 var dette på om lag kr 12 millionar. Netto er det budsjettert bruk av fondet i 2019 på om lag kr 4 millionar, slik at budsjettert saldo ved utgangen av 2019 vil vere rundt kr 8 millionar.

| | Status investeringar 2019 pr 17.10.2019 | | |
|---|---|---|---|
| P.NR | Prosjekt | Buds(end) | Regnskap |
| | | 2019 | 2019 |
| 55029 | TOMT FRETHEIMSHAUGANE | - | 30 000 |
| | Beløpet utgjer tilbakebetaling i samband med at tomta er levert tilbake til Aurland kommune | | |
| 85012 | VATN OG AVLØP BAKKA (2018) | 500 000 | 323 073 |
| | Etablert slamavskiljar og utslippsleidning. | | |
| 85013 | TEKNISK BYGG GUDVANGEN (2018) | 600 000 | 3 574 |
| | festetomt og seksjonering etablert. | | |
| 85019 | SYMJEHALL (2018) | 22 565 000 | 8 661 646 |
| | Prosjekt gjennomført og satt i drift | | |
| 85032 | RASSIKRING NEDRE BREKKE FLÅM (2018) | 5 400 000 | 469 764 |
| | Detaljprosjektering er gjennomført. Avklarar sikringstiltaket i høve framtidig arealbruk i områdereguleringa. Anbodsgrunnlag blir arbeidd med og truleg klar innan november. | | |
| 85034 | DAGSTURHYTTE | 200 000 | 34 880 |
| | Dagsturhytte off. opna. Ytterlegare tiltak vert ikkje starta opp før avklaring av gjeremål | | |
| 85037 | SAL AV TOMTER RYGG 23 OG RYGG 31 | - | 17 575 |
| | Utgifter i tilknyting til sal av bustadtomtene. | | |
| 85038 | STRAUMTILGANG VASSBYGDI INDUSTRIOMRÅDE | - | 417 569 |
| | | | |
| 85039 | PARKERING FLÅM KYRKJE | 240 000 | 3 574 |
| | Heimeloverføring gjenstår | | |
| 85040 | VA-KRYSSING AV E16 I GUDVANGEN | 740 000 | 492 450 |
| | Prosjekt avslutta. Sluttoppgjer med entreprenør pågår | | |
| 90001 | SENGEKJØP PLANMESSIG UTSKIFTING (2019) | 100 000 | 124 669 |
| | tiltak gjennomført | | |
| 90002 | BYGNINGSMESSIGE TILTAK PLEIE OG OMSORG (2019) | 1 500 000 | 477 025 |
| | Arbeidsgruppe ferdig med skisseprosjekt | | |
| 90003 | NY BARNEHAGE (2019) | 1 500 000 | 201 415 |
| | Grunnlag for prosjektering pågår | | |
| 90004 | TURVEG HEGGVIKI - BØEN (2019) | 500 000 | 52 261 |
| | Arbeid med grunnerverv, detaljprosjektering og ekstern finansiering pågår i samsvar vedteken framdriftsplan. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **90005** | **KJØP AV GRUNN PARKERING GUDVANGEN** | **500 000** | **245 163** |
| | Avslutta | | |
| **90006** | **OPPGRADERING RYAVEGEN OG FLÅMSDALSVEGEN (2019)** | **2 500 000** | **935 450** |
| | Tiltak for 2019 avslutta | | |
| **90007** | **GATELYS KLEIVI - STEINSHØLEN** | **1 400 000** | **854 463** |
| | Vert gjort samstundes som prosjekt 95021 | | |
| **90008** | **OLJE OG BENSINUTSKILJAR GUDVANGEN** | **500 000** | **111 821** |
| | Byggjeløyve gjeve 27.06.2019. Anleggstart nov. 2019 | | |
| **90009** | **OMLEGGING TILKOMSTVEG A-FELTET FLÅM** | **2 000 000** | **148 304** |
| | Prosjektering pågår. Det vert sett på løysningar med støypeasfalt og fuktisolering. Truleg må treverket på gangbrua skiftast ut. Dette kan medføre ein anna kostnad enn berre reasfaltering som fyrst var tenkt. Prosjektering truleg ferdig i slutten av oktober. | | |
| **90010** | **GRAVEMASKIN** | **1 000 000** | **1 142 369** |
| | Tiltak er gjennomført. | | |
| **90011** | **GATEADRESSER (2019)** | **200 000** | **50 939** |
| | Montering av skilt i Gudvangen vart gjennomført i veke 41. | | |
| **90012** | **HØGDEBASSENG FLÅM** | **500 000** | **9 196** |
| | Planavd arbeider med mindre endring av plan for etablering av høgdebasseng. | | |
| **90013** | **INFILTRASJONSANLEGG GUDVANGEN** | **5 000 000** | **259 086** |
| | Nabovarsel sendt ut. Avklart storleik på areal. Forventa anleggsstart des. 2019 | | |
| **90014** | **UTSKIFTING PUMPESTASJON A-FELTET** | **1 800 000** | **366 904** |
| | Pumpestasjon er levert Flåm. Planlagt anleggsstart ca 15 nov. | | |
| **90015** | **LEIDNINGAR RYGGJATUN-VANGEN** | **1 200 000** | **21 306** |
| | Anbod innlevert og val av entreprenør avklart. Anleggstart ca 15 nov | | |
| **90016** | **VATN OG AVLØP FORBI FRETHEIM HOTELL** | **1 700 000** | **344 321** |
| | Prosjekt avslutta. Aurland kommuen avventer sluttoppgjer og overtakelse av anlegget frå utbygger | | |
| **90017** | **DELOMRÅDE ØVRE TY** | **4 000 000** | **-** |
| | Framdrift er avhengig av sluttføring av grunnerverv | | |
| **90018** | **TOALETT HERADSHUSET** | **350 000** | **221 025** |
| | Prosjekt avslutta og anlegg teke i bruk | | |
| **90019** | **AIS - LOKALER MUSIKK OG KULTURSKULEN** | **1 100 000** | **73 394** |
| | Oppstart oktober. Alle kontrakter signert. | | |
| **90020** | **OPPGRADERING TURSTI BREKKEFOSSEN (2019)** | **1 400 000** | **171 419** |
| | Prosjekt fullført. Står igjen sluttoppgjer med entreprenørane. Forventa sluttoppgjer er oktober. Kommunen vil søkje om utbetaling av spelemidlar som utgjer 300 000. | | |
| **90021** | **OPPARBEIDING AV FRETHEIMSHAUGANE DEL 2** | **1 800 000** | **153 492** |
| | Forhandlingar med mogleg utbygger pågår | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **90022** | **OPPARBEIDING TY - GRUNNKJØP** | **1 000 000** | **96 442** |
| | Framdrift er avhengig av sluttføring av grunnerverv. Uavklart om det vert inngått frivillige avtalar eller om det må fattast vedtak om oreigning | | |
| **90023** | **OVERTAKING YTSTEBØEN BUSTADFELT (2019)** | **1 825 000** | **541 144** |
| | Planlagt sikringstiltak ferdig. Står igjen renovering av kumpunkt og asfaltering | | |
| **90024** | **INVESTERINGAR ETTER FLAUMEN (2019)** | **6 500 000** | **6 652 483** |
| | sluttføring av tiltak 2019 pågår | | |
| **90025** | **IKT - INVESTERINGAR 2019** | **800 000** | **645 476** |
| | Planlagte tiltak ferdig med unntak av oppgradering av Acos. Det skjer i desember. Må utvide ramma med 300 000,- inkl. mva. til ipad politikarar. | | |
| **90026** | **BREIBANDUTBYGGING 2019** | **700 000** | **-** |
| | Nyttar 400 000,-til ferdigstilling av vidare utbygging oppover Flåmsdalen i 2019. Breibandutbygging må vidareført i 2020. | | |
| **90027** | **ADGANGSKONTROLL RÅDHUSET** | **150 000** | **-** |
| | Arbeidsgruppe i gang med planlegging av tiltak | | |
| **90028** | **KUNSTGRASBANE** | **100 000** | **4 554** |
| | Må ut på anbod tilpassa ny mogeleg ny forskrift. Oppstart avghengig av kapasistet. | | |
| **90029** | **VARMESTYRING AURLAND HELSETUN** | **525 000** | **250 000** |
| | Arbeid pågår | | |
| **95020** | **TOALETT FLÅM (2019)** | **300 000** | **240 752** |
| | Nytt toalett levert. Saka skal på uttale til regionale mynde i oktober. Forventa montering desember. | | |
| **95021** | **FORTAU ORØYNANE** | **560 000** | **43 285** |
| | Forventa oppstart oktober. Nytt gatelysanlegg skal setjast opp og fortau skal oppgraderast. Teknisk skal i dialog/oppstartsmøte med BaneNor i høve til avstand til jernbana. | | |
| **95022** | **Parkeringstiltak, P-vakter og parkeirngskomite** | **-** | **3 152** |
| | Det pågår arbeid med parkeringsstrategi og organisasjonsform i samsvar med vedteken framdriftsplan | | |
| **95026** | **TØMMESTASJON BUBIL (2019)** | **300 000** | **200 140** |
| | Ny tømmestasjon er montert. | | |
| **95027** | **OMLEGGING VA ORØYANE (2019)** | **850 000** | **9 765** |
| | Står igjen kryssing av Flåmsdalsvegen, sluttoppgjer med entreprenør og overtakels av anlegg frå tiltakshavar | | |
| **95028** | **GATELYS KVAM (2019)** | **100 000** | **-** |
| | Mesta vil montere gatelys i Kvam i oktober. I Bellsvingen skal kommunen grave ny kabelgrøft for gatelys. Gatelysnettet skal syast saman med gatelyset ned til Bell. | | |
| **95029** | **NYASFALTERING GUDVANGEN (2019)** | **500 000** | **500 488** |
| | Tiltak gjennomført, mellom anna parkeringsareal P4 i reg.plan | | |
| | **TOTALT** | **75 005 000** | **25 605 808** |

# Politiske organ

**Kristian Stråmyr**

**Ansvarsområdet omfattar:**

- Ordførar
- Møte i folkevalde organ
- Val

Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan.

**Sakskomitear:**
-Turveg Heggviki – Bøen
-Aurland trafikk og parkering
-Aurland helsetun

**Viktige hendingar:**
6. juni sette formannskapet ned ei arbeidsgruppe for å gjennomføre ei evaluering av den politiske organiseringa med ekstern støtte frå KS. Tilrådingane blei lagt fram som referatsak i kommunestyret 3. oktober.

9. september 2019 var det kommune- og fylkestingsval. 357 førehandsrøysta. Frammøteprosenten blei 73,1%.
Valstyret hadde møte 16.05.19 og 29.08.19 der dei handsama saker vedkommande gjennomføring av valet.

**Meir miljøvennleg cruisenæring:**
I februar skreiv 13 kommunar med stor cruisetrafikk under ei fellesfråsegn om meir miljøvennleg cruisenæring. I august var det oppfølgingsmøte i Oslo, der ordførar Noralv Distad representerte Aurland.

**Kinesiske delegasjonar:**
Ordførar og varaordførar har tatt i mot delegasjonar frå lokale styresmakter i Kina med tema som miljøvern, landbruk og økonomi.

**Kommunalt tenestepunkt:**
Ordførar avduka Merkur-skilt og opna kommunalt tenestepunkt på Nærbutikken Underdalsbui 18. september.

**Mål/utviklingsområder:**
Rapport som syner status for oppfølging av politiske vedtak ligg ved.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 3.189 | 2.929 | -260 | 92 |

# Rådmannsfunksjonane

**Norunn Haugen**

**Kjerneoppgåver:**

- Rådmann
- Politisk sekretariat
- Arkiv
- IKT
- Informasjon og sentralbord
- Økonomi og rekneskap
- Løn og HR (personal)
- Stabsfunksjon oppvekst

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Organisasjonsutvikling, digitalisering og ulike støttetenester.
Overordna styring og leiing og koordinering av tenester og prosjekt.

**Viktige hendingar:**
Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane er oppretta som eit eige §27 samarbeid. Aurland kommune er medeigar. Rådmann er kommunen sin representant i representantskapen.

**Mål/utviklingsområder:**

- Adgangskontroll/sjølvbetjening resepsjon
- Implementere nye personvernreglar/GDPR
- Kartlegging av arkiv og forsvarleg oppbevaring av papirarkiv
- Digitalisering (ulike prosjekt)
- Organisasjonsutvikling – fase 1 med fokus på organisering stab og støtte, kostnader til administrasjon og oppgåveløysing
- Innføring av nytt kommunenummer
- Breibandutbygging – det er søkt om delfinansiering til tre område:
    - Bakka/Tufto
    - Bjørgo/Turlid
    - Li/Kvitt/Vikesland/Otternes

  Fått tilsagn på Bakka/Tufto og Bjørgo/Turlid.

Oppfølging av brukarundersøking interne tenester:
Fokusområde bevaring:

- Vidareføre god service og vere imøtekommande.

Fokusområde forbetring:

- HR/personal – klargjere oppgåvene til avdelinga og kvalitetssikre arbeidet innanfor HR/personal i heile organisasjonen
- Arkiv/dokumentsenter og servicetorg/sentralbord – avklare behov for tilgjenge til arkiv og avklare servicetorg/sentralbord si rolle internt i organisasjonen og i høve til eksterne
- Auke kapasitet innanfor IKT

**Kort resultatvurdering:**

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik i prosent | % |
|---|---|---|---|
| 20.034 | 20.000 | 101 | 101 |

Meirforbruk på einskilde funksjonar er dekka av mindreforbruk på andre funksjonar slik at prognosen totalt sett er bra.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Rådm.funksj. | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Rådm.funksj. | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 9,8 % | 6,8 % | -3,0 % |

Sentraladministrasjonen har over tid hatt høgt sjukefråvær. Det er for tida ingen langtidssjukmeldte. Eininga har lågt eigenmeldt fråvær. Bedriftshelsetenesta har gjennomført arbeidsplasskartlegging. Tiltak blir følgt opp innanfor drifta, eller som ein del av prosjektet med adgangskontroll. Det blir gjennomført felles personalmøte for stab og støtte.

# Kultur

**Monica Hille**

**Kjerneoppgåver:**
Kulturadministrasjon: Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Folkehelse, Fritid, Idrett, Galleri Vinjum, mm.
Kulturvern, Folkebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, kontakt mot frivillege lag og organisasjonar.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

- Kulturminneplan i s.m. plan- bygg og landbruk. Arbeidet er lagt ut på høyring 2019 (planavdelinga)
- Sti og løypeplanen er overført til planavdelinga.

**Viktige hendingar:**

- 2. mai 2019: Opning av utstillingar i Heradshuset: Galleri Vinjum, i samarbeid med styret i Galleri Vinjum. Utstilling i gjestegalleriet.
  Sivlesamlinga, i samarbeid med Sogelaget
  Ferdigstilling av E-CO utstillinga
- 9. mai 2019: opning av Dagsturhytta, konsert med Good time Charlie
- Sommarles på biblioteket
  Kloven Knut hadde forestilling på biblioteket for born og vaksne i samband med dette.
- Laurdag 3. august 2019 gjekk Aurlandsmarsjen av stabelen. Deltakinga er i utgangspunktet låg, men me får prøve å få til eit ekstra arrangement til neste år, sidan det då er 40 års jubileum.
- Me har hatt fleire sommar avslutningskonsertar for kulturskuleelevar og foreldre: Konsert på Flåm skule 3. juni, og konsertar i Aurland 6. og 12. juni.
- Deltaking på tverrfagleg temadag for alle tilsette i kommunen som jobbar med born og unge.

**Mål/utviklingsområder:**

- Bibliotekutvikling, samarbeidsplan mellom skule og folkebibliotek
- Fysisk arbeidsmiljø for kulturskulen
- Auka besøkstalet på Nynorske Litteraturdagar
- Implementering av rammeplan i kulturskulen
- Frivilligmelding
- Følgje opp arbeidet med kulturskulelokale for tilsette.

**Kort resultatvurdering:**
God oppstart på kulturskulen.
Elevmasse i kulturskulen har vore stabil, for tida har me 82 elevar, men 97 elevplassar. Dvs. at det er fleire av elevane som deltek på fleire tilbod, og det er positivt.

Besøket på fritidsklubben er stabilt, men tilbodet etter skuletid er populært. I tillegg er fredag ein dag der ungdommen trekk til ungdomsklubben.
Det er stabile besøkstal på biblioteket.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 4.995 | 5.069 | 74 | 101 |

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Kultur | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Kultur | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 2,2 % | 1,2 % | -1,0 % |

Sjukefråværet er lågt.

## ABU

**Ingrid Steine Bortne**

### Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal tilrettelegge for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er *«ABU skal vere ein skule for alle, med blikk for den enkelte.»*

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med etatar som arbeider med og for barn og unge, samt vaksne som treng vaksenopplæring eller norskopplæring. Prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» (IBOS) skal me jobbe tverrfagleg med i perioden 2018-2020. Skulen deltek i prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland».

### Viktige hendingar:

- Gjennomføre og følgje opp nasjonale prøver og trivselsundersøkingar hausten 2019
- Framleis sterk satsing på norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn
- Følgje årshjulet for «Levande skule - entreprenørskapsplan», eit samarbeid med m.a SJH og Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Fokus på inkluderingsarbeid gjennom BlimE-dans og kafe, FN-dagen og markering av barnekonvensjonen 30 år
- Gjennomføre tverrfaglege kompetansedagar med IBOS og iverksetje andre tiltak i den lokale IBOS-planen.

### Mål/utviklingsområder:

- Oppnå gode resultat på faglege og sosiale kartleggingar hausten 2019
- Nulltoleranse mot mobbing: førebygge, informere, kartlegge, setje inn tiltak over tid
- Følgje opp lokal plan «Inkluderande barnehage- og skulemiljø for Aurland» og «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule»
- Fordjupe oss og førebu oss på Fagfornyinga (nye læreplanar 2020).

### Kort resultatvurdering:

Skuleåret 2019/20: 142 elevar, 35 born på SFO inkl. bussborn. Det er 13 vaksne på vaksen- og norskopplæring. ABU kjøper tenesta norskopplæring for vaksne frå SJH og Sogndal kommune. Eininga kjøper også PPT-ressurs og logoped frå Sogn PPT. ABU sel nokre tenester til andre einingar i kommunen. Det er auka bruk av spesialundervisning dette skuleåret. Har to lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Skal ha praksisstudentar frå universitet/høgskule og tre praksiselevar frå vidaregåande skule i haust. Det er høg grad av trivsel blant elevar og tilsette.

### Økonomi/ressurs:

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 19.429 | 19.279 | -150 | 99 |

### Medarbeidarar:

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 ABU | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 ABU | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 2,0 % | 2,8 % | 0,8% |

# FLÅM BARNEHAGE

Marianne Christensen

**Kjerneoppgåver:**
Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

**Viktige hendingar:**

- Inkluderande barnehage og skulemiljø. Felles kompetanseheving, innan oppvekst, september 2019
- Tverrfagleg samarbeid barn og unge, Felles kompetanseheving, november 2019
- Endra vedtekter, barnehagen er stengt jul/påske
- Kommunen er innafor med lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass, opprette ny avdeling, januar 2020
- Oppstartsgruppe, ny barnehage 2021.

**Mål/utviklingsområder:**

- Pedagog/bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.

**Kort resultatvurdering:**






58

Tala viser andel barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga 2018. Aurland kommune ligg under på andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanninga, forskriftslova august 2018. Pr. dags dato har barnehagen oppfylt pedagognorma, men det må jobbast med kontinuerlig grunna høg vekst i barnetal.

| Aurland 2018 | Kostragruppe 2018 | Landet 2018 |
|---|---|---|
| 24,2 | 35,8 | 40,8 |

Ifølge tall fra Statistisk Sentralbyrå blei bemanninga 10,42 prosent lågare i fjor. Det er eit betydeleg kutt.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Budsjett pr. 31.08 | Rekneskap pr. 31.08 | % |
|---|---|---|---|
| 4.561 | 3.875 | 686 | 85 |

Kommentar og evt. tiltak under

- Kontinuerlig oppgradering av leik og pedagogisk materiale både ute og inne.
- Grunna ny norm og stort auke i barnetalet, rekrutterte Flåm barnehage ein barnehagelærar frå august 2019. Då lønsutgiftene har vore lågare enn forventa grunna dispensasjon frå utdanningskravet og forlenga omsorgspermisjon, har det ikkje fått økonomiske konsekvensar
- Flåm barnehage har teke inn lærling frå august 2019.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Flåm BH | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Flåm BH | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 2,3 % | 2,2 % | -0,1 % |

- Sjukefråværet skulle ha vore lågare, men årsaka ligg ikkje i arbeidsmiljøet.
- Fokus på godt arbeidsmiljø
- Fokus på vedlikehald av bygning/ny barnehage

## Vangen barnehage

**Elisabeth Øynebråten**

**Kjerneoppgåver:**

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danne grunnlag for allsidig utvikling.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

**Viktige hendingar:**

- Inkluderande barnehage og skulemiljø. Felles kompetanseheving, innan oppvekst, september 2019
- Tverrfagleg samarbeid barn og unge, felles kompetanseheving, november 2019
- Endra vedtekter, barnehagen er stengt jul/påske
- Kommunen er innafor med lovmessig rett på barnehageplass. Det er ynskjeleg at alle får barnehageplass. Det skal opprettast ny avdeling i januar 2020, den skal ligge nær Vangen barnehage
- Oppstartsgruppe ny barnehage 2021.

**Mål/utviklingsområder:**

- Pedagog/bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning
- Barna tel to til og med august det året dei fyller tre år
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.




Tala viser andel barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga 2018. Aurland kommune ligg under på andel barnehagelærara i forhold til grunnbemanninga, forskriftslova august 2018. Pr. dags dato har barnehagen oppfylt pedagognorma, men de må jobbast med kontinuerlig grunna høg vekst i barnetal.

| Aurland 2018 | Kostragruppe 2018 | Landet 2018 |
|---|---|---|
| 24,2 | 35,8 | 40,8 |

Ifølge tal fra Statistisk Sentralbyrå blei bemanninga 10,42 prosent lågare i fjor. Det er eit betydeleg kutt.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 6.310 | 6.785 | 475 | 108 |

- Kontinuerlig oppgradering av leik og pedagogiskmaterial både ute og inne. Måtte kjøpe ny vaskemaskin og nye telefoner på avdelingane
- Ikkje komme inn refusjonskrav enda, det kjem inn i løpet av november
- Spes.ped tiltak med ein til ein der tiltaket er dyrar enn det me såg for oss når budsjettet ble sett i fjor, for da var det mykje som ikkje var på plass i forhold til tiltaket
- Auka to stillingar frå 80 % - 100 % p.g.a stor auke av småbarn som krev fleire vaksne
- Har ein auke i redusert brukarbetaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er to år, fleire som søkjer om dette. Brukarbetalinga kjem ein del under det som ligg inne
- Vanskelig å budsjettere med lærlingar då me ikkje veit om dei kjem tilbake til barnehagen i februar. Løna lærling i 120 % frå februar – august, hadde to lærlingar. Det vart tilsett ny lærling i 30 % stilling i august.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråver samla pr. 31.08.2018 Vangen BH | Sjukefråver samla pr. 31.08.2019 Vangen BH | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 5,8 % | 5,1 % | -0,7 % |

- Sjukefråværet skulle ha vore lågare, men årsaka ligg ikkje i arbeidsmiljøet.
- Fokus på godt arbeidsmiljø
- Fokus på vedlikehald av bygning/ny barnehage

# Flåm skule

**Astrid Hassel**

**Kjerneoppgåver:**
Undervisning og drift av skule og SFO

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):** Samarbeid på tvers i region Sogn, på tvers av kommunale einingar, delta på fagnettverk, samarbeid med PPT og deltaking i pedagogisk utviklingsteam.

**Viktige hendingar:**

- Lokal tverrfagleg kompetansedag med Tove Flack 13. august for heile personalet
- Deltaking på regionale og nasjonale fagdagar i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø 2018 – 2020 (IBOS)
- Innarbeide ny generell del av læreplanen og komande fagfornying
- Gjennomført reduksjon i personalet med overføring av ein pedagog til ABU i 100 % stilling.

**Mål/utviklingsområde:**

- IKT-satsing – auka digital kompetanse hjå elevar og tilsette, prøve ut nettbrett
- Halde trykket på tidleg innsats, fagleg og sosialt, og tilpassa opplæring for alle
- Førebygge, avdekke og handtera mobbing og krenkingar, fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på god psykisk helse og tett oppfølging frå vaksne
- Ein lærar har fullført vidareutdanning i engelsk
- Auka fokus på entreprenørskaps-aktivitetar
- Gjennomføre endringar og tilpassingar på arbeidsplassane etter ergonomi-vurdering med bedriftshelsetenesta
- Gjennomføre 40-timars HMT-kurs for nytt verneombod og leiar.

**Kort resultatvurdering:**
Kompetanseheving for *alle* tilsette knytt til IBOS, psykisk helse og samarbeid på tvers av oppveksteiningane gir gode resultat. Tverr-faglege kompetansedagar med dyktige fagfolk kostar mykje å arrangera og å delta på, men er svært viktige for å involvera alle i eit prosjekt.

Leksehjelp for 3. - 7. steg held fram to ettermiddagar i veka med full deltaking. Vi nyttar av rammetimane, og brukar i hovudsak ein pedagog til tiltaket med noko støtte frå SFO.

Bruk av digitale hjelpemiddel i undervisninga syner gode resultat. Vi har oppgradert *noko* datautstyr. Det kostar! Det same gjer lisensar.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 6.396 | 6.327 | -69 | 99 |



62

Økonomisk følgjer vi ramma godt. Vi går inn i fagfornyinga som skal vera på plass frå hausten 2020. Det vil krevje skifte av ein del læreverk, både på papir og digitalt. Lisensane på god programvare er, som nemnt, dyre.

Vi håpar framleis på å få tettare oppfølging av vaktmeister. Vi håpar òg å få utført vedlikehald på bygg og anlegg og andre arbeidsoppgåver som har stått svært lenge på vent.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Flåm skule | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Flåm skule | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 3,4 % | 0,4 % | -3,0 % |

Sjukefråveret er lågt, og det er høg trivsel hjå dei tilsette!

# Helse og førebyggjing

**Guri Olsen**

**Kjerneoppgåver:**
Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

- Førebyggjande arbeid
- Eininga deltek i satsinga «på tvers» tverrfagleg samarbeid barn og unge. Tilsett ved eininga har overteke som prosjektleiar for prosjektet
- Eininga deltek i satsingane kring kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

**Viktige hendingar:**

- Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med miljøretta helsevern. Der ligg føre avvik som må utbetrast. Ein del ligg til tenester organisert som interkommunalt samarbeid med Sogndal som vertskommune. Dette må gjennomførast ved ny organisering og ny vertskommuneavtale
- Den kvinnelige legen har sagt opp med verknad frå 1. september. Det har ikkje lukkast å rekruttere ny fastlege. Det vert difor ein del bruk av vikar framover.
- Det var ikkje tilsett i stillingane som kommunepsykologar i Aurland, Lærdal og Årdal pr. 31.08.

**Mål/utviklingsområder:**

**Kort resultatvurdering:**
Ferieavvikling i sommer har gått greitt utan bruk av til dømes legevikarar. Bemanning på tre fastlegar og ein LIS 1 (turnuslege) handterer utfordringane om sommaren.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 14.593 | 15.494 | 101 | 106 |

**Helsestasjon**
Meirforbruket ved helsestasjonen skuldast at mottekne prosjektmidlar som ikkje er inntektsført, medan lønsutgiftene er utgiftsført. Prosjektmidlane er sett på fond, og utgiftene vert belasta fondet ved årsslutt.

**Legetenesta**
Ein del fråvær og permisjonar har ført til auka kostnad til vikar for hjelpepersonell. Grunna permisjon hjå tidlegare vikar vart det naudsynt å lære opp ny vikar i forkant av ferieavvikling.

**Rustenesta**
Det er oppdaga ei feilføring på om lag kr 500.000 mot bruk av fond i 2018. Dette vart oppdaga i sommar og vart korrigert.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Helse | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Helse | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 1,1 % | 1,5 % | 0,4% |

Det er lite sjukefråver ved eininga.

# NAV Aurland

**Einar Moen**

**Kjerneoppgåver:**

Arbeids og velferdsforvaltningslova
Sosialtenestelova og Flyktningtenesta.
Utleige av bustader til «vanskelegstilte»
Husbanken med startlån og bustøtteordninga.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

**Viktige hendingar:**

Kommunen har i perioden hatt låg arbeidsløyse. Det er ein relativt grei situasjon innanfor sosialfaga. Prognosen for sosialhjelpa er kostnad under budsjett. Det er kartlagt ein mindre feil i oppgjersavtalen med NAV stat, som resulterer i ein kommande kostnadsauke.

**Mål/utviklingsområder:**

Pågåande samarbeid mellom NAV Aurland og NAV Lærdal er viktig av beredskaps- og faglege årsaker. Samarbeidet skal utviklast vidare.

Det er viktig å ha tilgang til fagkompetanse og lokalitetar i Aurland kommune.

Samarbeidet satsar spesielt på gruppa under 30 år, og dei som er langt frå arbeid. Tek del i prosjektet «Springbrettet» og utviklar arbeidsmetodar til m.a. å vere meir ute med brukarar, bedrifter og samarbeidspartar.

I september 2019 vart busetjingsmålet om 30 flktningar i perioden 2016 – 2020 oppfylt. Det er gjort 30 avtalar om busetjing mellom IMDI og Aurland kommune mellom 2016 og 2019. I tillegg har det vore to fødslar, der den eine har utløyst tilskot. Det vert gjeve integreringstilskot for 31 flyktningar pr dags dato.

**Kort resultatvurdering:**

NAV vil halde årsbudsjettet, og få ei innsparing. Det er nokon ekstraordinære postar på inntektssida, noko vakanse på løn og låg kostnad til sosialhjelp dette året, som medverkar til eit godt resultat.

Økonomi/ressurs:

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 2.314 | 1.721 | -593 | 98 |

Medarbeidarar:

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 NAV Aurland | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 NAV Aurland | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 13,2 % | 0,5 % | -12,7 % |

# Barnevern

**Anja Brekke Moldvær**

**Kjerneoppgåver:**
Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og vern til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Tett samarbeid og kontakt med andre etatar som har med barn, unge og deira familiar å gjere.
Deltaking i prosjekt barn og unge.

**Viktige hendingar:**

- Barnevernvakt er no saman med Årdal. Framleis lite pågang, men ordninga fungerer godt
- Nedgang i meldingar særleg i Aurland held fram. For å komme inn tidlegast mogleg og kunne gje hjelp på lågast mogleg innsatsnivå bør denne trenden snuast
- Deltaking i teneste-støtteprogrammet til Bufdir, utviklingsplan for tenesta vert lagt fram 24.10.19.

**Mål/utviklingsområder:**

- Drive kvalitetsutvikling med hjelp av tjenestestøtteprogrammet.
- Ingen fristbrot
- Legge til rette for vidareutdanning/kompetanseheving hjå tilsette.

**Kort resultatvurdering:**
Personalgruppa har hatt store utskiftingar, og det har innverknad på dei store linjene i utviklingsarbeidet. Sidan tenesta deltek i tjenestestøtte-programmet til Bufdir har me god moglegheit til både å drive kvalitetsarbeid og samhold i personalgruppa. Eit lengre sjukefråver der det per no ikkje er tilsett vikar gjer at leiar i større grad må drive fagstøtte.
Det er no lyst etter vikar, og ein håpar å ha denne personen på plass i løpet av november/desember.
Kompetanse i tenesta er god, alle tilsette har relevant treårig høgskuleutdanning med ulike vidareutdanningar.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 3.203 | 2.659 | -544 | 83 |

Tenesta ligg pr. 2. tertial under budsjettet. Tenesta har hatt refusjonar som fylje av sjukemeldt arbeidstakar, og at stillinga har stått vakant
Pr. no ligg tenesta godt an til å halde budsjett, men det må takast forbehold omuventa hendingar kring tiltak.

**Medarbeidarar:**

Ein medarbeidar er sjukemeldt og har vore det over lengre tid. Maksdato er i slutten av oktober. Sjukefråveret er dels arbeidsplassrelatert, og tiltak er iverksett i høve dette.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Barnevern | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Barnevern | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 8,9 % | 24,2 % | 15,3 % |

# Pleie og omsorg

**Kari Voldum**

## Kjerneoppgåver:

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

*Institusjonstenester:*

- Helsehjelp, behandling, rehabilitering, avlasting, langtidsopphald i institusjon

*Tenester i eigen heim/omsorgsbustad:*

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringing, tryggheitsalarm/velferdsteknologi.

## Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, nettverk og andre tenesteytarar, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta.
*Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustadar.

## Mål/utviklingsområder:

- Arbeid med heiltidskultur og god ressursutnytting av personale
- Meir fokus på fagutvikling
- Gjennomføring av prosjekt kvardagsrehabilitering 2019/2020
- Auke kompetanse i bruk av velferdsteknologi/innføring av velferdsteknologi – deltek i nasjonalt program for velferdsteknologi 2019/2020
- Strategi for kompetanseheving og rekruttering, ÅLA prosjekt
- Planlegging av byggeprosjekt for fleire bueiningar med heildøgnstenster er i gang – med tanke på auke av eldre framover, særleg frå 2025 og framover.

## Resultatvurdering:

Tala syner at det berre er mindre endringar frå 1. tertial i 2019 til 2. tertial i 2019:

Liggedøgn for utskrivingsklare pasientar i sjukehus (fakturerbare) er registrert med 2 døgn.

Tal på heildøgnsbebuarar ved Aurland helsetun

| Pr. 30.04.19 | | Pr. 31.08.19 | |
|---|---|---|---|
| Menn | Kvinner | Menn | Kvinner |
| 4 | 14 | 5 | 17 |

Snittalder 88

Mottakarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand

| Pr. 30.04.19 | | Pr. 31.08.19 | |
|---|---|---|---|
| Menn | Kvinner | Menn | Kvinner |
| 21 | 34 | 19 | 32 |

Snittalder 77

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 37.037 | 38.259 | 1.222 | 103 |

Forbruket etter 2. tertial syner at rekneskapen ligg over budsjettramma. Vi får mindre inntekter i eigenbetaling for opphald ved helsetunet, sal av middag og for tenester i heimebasert omsorg enn det vi har budsjettert med. Sjølv om behov og etterspurnad etter tenester frå pleie og omsorg har auka att utover hausten, har vi hatt ein periode med mindre inntekter iform av brukarbetaling. Dette kan dreie seg om opp til 600 000,- for inneverande år. I tillegg får pleie og omsorg rekningar for husleige (tomgangsleige) når omsorgsbueiningar står tomme, som for 2019 kan utgjere om lag 300 000,-. Til prosjekt kvardagsrehabilitering har Aurland kommune fått kr 300 000,- i tilskotsmidlar frå Fylkesmannen. Midlande står førebels på fond og blir overført etter kvart og seinast i samband med rekneskapsavslutninga. Truleg vil pleie og omsorg ikkje fullt ut klare å halde seg innanfor budsjettramma i 2019.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Pleie-omsorg | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Pleie-omsorg | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 7,4 % | 4,9 % | -2,5 % |

Statistikken for sjukefråvær (eigenmeldingar og sjukmeldingar samla) syner positiv utvikling med nedgang på 2,5% siste 12 månader. Korttidsfråværet held seg lågt og nokså konstant. Det er variasjonar frå avdeling til avdeling innad i eininga. Det blir jobba med oppfølging av sjukmelde, og fokus på førebyggande og motiverande tiltak, på jobbnærver og tilrettelegging i arbeidssituasjonar vil halde fram.

# Bu og miljø

**Christine Warholm Naasen**

**Kjerneoppgåver:**

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova

*Tenester i eigen heim/ bemanna omsorgsbustad:*

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlasting, støttekontakt, omsorgsstønad

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, verje, nettverk og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, koordinerande eining, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta.
*Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

**Viktige hendingar:**

- Eininga held fram med oppbygginga av ny tenesteeining i høve arbeid med å utvikle strategi og mål for tenesta, og oppbygging av kompetanse
- Revurdering av vedtak, og nye vedtak om teneste har ført til tre store grunnlagsendringar for eininga
- Rekruttering av nytt personale, i tråd med auka bemanningsbehov i einingane og BPA-tiltak.

**Mål/utviklingsområder:**

- Bygge opp ny tenesteeining, med utgangspunkt i tilråding og rapport frå RO, etter omstillingsprosjektet for pleie og omsorg i 2017
- Skape ei berekraftig struktur i eininga i høve dei oppgåver eininga skal løyse
- Smartare bruk av personale og kompetanse i avdelingane
- Fagutvikling og sikre forsvarlege teneste
- Utvikle aktivitetstilbod/ tilby brukarane meiningsull aktivitet
- Oppbygging av nye omsorgstiltak.

**Kort resultatvurdering:**
*Oppbygging av ny tenesteeining:* Med utgangspunkt i strategiarbeidet eininga starta våren 2019, har leiargruppa jobba vidare med å utarbeide tiltaksplan for eininga. Målet er å få tiltaksplanen ferdig hausten 2019.

*Skape berekraftig struktur:* Eininga erfarer at det ikkje er tilstrekkelig ressurser til å ivareta fleire område som ligg til eininga når det gjeld driftsoppgåver og turnusoppfølging. Eininga held fram med å få støtte frå tenesteeining for pleie og omsorg i høve desse funksjonane. Eininga vil jobbe med dette i budsjettprosess for 2020.

*Fagutvikling og forsvarlege teneste, og betre utnytting av kompetansen:* Leiargruppa har utarbeida kompetanseplan. Fagleiar har starta med å lage strukturar for det faglege arbeidet i einingane, som

førebygging av tvang og makt, og brukarmedverknad. Fokus på å nytte ressursane og øvrig fagkompetanse på tvers i avdelingane.

*Oppbygging av nye omsorgstiltak:* Grunnlagsendringar gjer at eininga arbeider med flerie prosesser parallelt for å bygge opp nye omsorgstiltak i eige regi. I tillegg har eininga nye, ressurskrevjande brukarar med behov for auka bemanning samanlikna med tidlegare drift. Planer for prosesser iverksetjast, og rekruttering av nytt personal til nye stillingar i eininga er i gong.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 19.583 | 22.509 | 2.926 | 115 |

Forbruket etter 2. tertiall syner at rekneskapen ligg over budsjettramma. Ramma vart redusert med 1,5 mill i samband med planlagt reduksjon i kjøp av teneste frå private. Avtala vart sagt opp 1. juni. Innsparing vil difor først tre i kraft frå 1. desember og i komande budsjettår. Ei grunnlagsendring frå 2018 i høve kostnad i eit omsorgstiltak var ikkje inkludert då ramma for 2019 vart sett. Dette var rapportert i tertialrapportane i 2018 til ei nettoutgift på 250 000. Difor ligg det samla sett an til eit overforbruk i høve kjøp av tenester. Ein ser og eit forhøga ressursbruk i avdelingane Vetleli og Vådraum, som kan relaterast til endring i brukarbehov for teneste. Ein har måttet bemanne opp for å sikre forsvarlege tenester. Frå september var det naudsynt å etablere natteneste ved Vårdraum og det er trong for ytterlegare 1,8 stillingsressursar, som må tilførast budsjettramma.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Bu og miljø | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Bu og miljø | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 0 % | 4,0 % | 4 % |

Statistikken for sjukefråvær syner auke i 2019, dette inkluderer både korttids og langtidssjukemeldte. Det er variasjonar frå avdelingane innad i eininga, og ein jobber med sjukefråværsoppfølging, fokus på førebygging og motiverande tiltak på jobbnærver, tilrettelegging i arbeidssituasjonar vil halde fram.

- I samarbeid med bedriftshelsetenesta Stamina er det utarbeida HMS-plan for eininga
- Eininga er i gong med å etablere nytt BPA-tiltak, med 2,6 årsverk
- Eininga er i gong med å etablere nattevakt ved Vårdraum, og treng nytt personale, tilsaman 1,8 årsverk.

# Teknisk

**Reinhardt Sørensen**

**Kjerneoppgåver:**
Teknisk sitt arbeids og ansvarsområde er i hovudsak:

- kommunal infrastruktur, kommunale vegar, vass og avløpsanlegg
- Grøntanlegg/parkanlegg
- Renovasjon/drift av Miljøstasjon
- Eigedomsforvaltning
- Byggesak
- Kart og oppmåling
- Brann og redning

Det pågår organisasjonsmessige endringar med ei målsetting om eit tydlegare skilje mellom forvaltning og løpande driftsoppgåver.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

- Gjennomføring av investeringsprosjekt
- Drift og vedlikehald av eigedomsmasse og infrastruktur knytt til kommunal tenesteproduksjon
- Deltaking i utgreiing/utvikling av tverrfagleg prosjekt med øvrige tenesteeiningar.

**Mål/utviklingsområder:**

- Redusere sjukefråvær til under 5%
- Oppretthalde og vidareutvikle gode tenester
- Sluttføre rekrutteringsprosess for nye tilsette ved tenesteeininga. (vaktmeister/røyrleggjar)

**Kort resultatvurdering:**

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 24 103 | 22 994 | 1 109 | 95 |

Drift:
Netto forbruk i 2. tertial ligg er på 95% av prognose.
Prognosen er å sjå som teoretisk. Det kan sjå ut som om tenesteeininga ligger an til eit mindreforbruk i høve til budsjett på om lag kr 1,1 millionar . Korrigert for mellom anna faktisk avrekning av straumforbruk seinare i året , så er vurderinga den at tenesteeininga vil kunne halde tildelt budsjettramme.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr 31.08.2018 Teknisk | Sjukefråvær samla pr 31.08.2019 Teknisk | Sjulefråvær totalt Endring 2018 - 2019 |
|---|---|---|
| 6,0% | 6,2% | 0,2% |

Sjukefråværet har i lengre tid vore relativt lågt på eininga. Pr. 31.8.2019 er samla sjukefråvær på 6,2 %, ei lita auke siste året.

**Investeringar**

Desse tiltaka er sluttført i 2. tertial:

- 90020 Oppgradering Tursti Brekkefossen
- 95026 Tømmestasjon bubilar
- 95029 Nyasfaltering Gudvangen
- 90001 Sengekjøp Aurland helsetun



FK

# Nøytrale inntekter/kostnader

**Norunn Haugen**

**Kjerneoppgåver:**

- Samfunns- og arealplanlegging
- Klima og energi
- Næringsutvikling

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Overordna tema knytt til samfunnsutvikling. Koordinering av planar og prosjekt.

**Viktige hendingar:**

- Reguleringsplan for ny barnehage er vedteke
- Områdeplan for Undredal er vedteke
- Vedtak om etablering av kommunalt eigarselskap.

**Mål/utviklingsområder: (frå 1.tertial)**
Områderegulering Flåm, kulturminneplan, bustadpolitisk plan og fleire private reguleringsplanar er under arbeid.
Tilsette i stab deltek mellom anna i nettverk for universell utforming, arbeid med folkehelseoversikt og klimatilpassingsnettverk.
Aurland kommune mottek mange høyringar frå eksterne partar. Det blir tilrettelagt for at kommunen skal medverke i saker som har betydning for kommunen.

Reisemålsbidrag blir jobba vidare med.

**Økonomi/ressurs:**

| Revidert årsbudsj. | Prognose pr. 31.08 | Avvik | % |
|---|---|---|---|
| 1.235 | 1.703 | 468 | 138 |

Prognosen syner eit meirforbruk, men forklaringa synast å vere knytt til periodisering av inntekter og utgifter. Primært bruk av eigne fond. Bruk av fond er omtala i budsjettdokumentet. Tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet blir vurdert etter søknad to gongar i året.

**Medarbeidarar:**

| Sjukefråvær samla pr. 31.08.2018 Nøytralt | Sjukefråvær samla pr. 31.08.2019 Nøytralt | Sjukefråvær totalt Endring 2018-2019 |
|---|---|---|
| 0,5 % | 0,3 % | -0,2 % |

Det har ikkje vore vesentleg sjukefråvær ved eininga. Det har vore felles personalmøte for stab og støtte. Staben har fem stillingar. Fire faste og ei prosjektstilling. To av fire fast tilsette har slutta i løpet av året. Stillingane er per tida vakante. Arbeidsoppgåver er i stor grad fordelt på andre tilsette. Ein del prosjekt blir avslutta, sidan kapasiteten for tida er redusert.

**Vedlegg: Vedtaksrapport**

SAK 15 VEDLEGG 5

pwc

Harald Mo (NO) <harald.mo@pwc.com>

# SV: Folkevaldopplæringa

1 e-post

Kristian Stråmyr <kristian.stramyr@aurland.kommune.no>	16. oktober 2019 kl. 10:15
Til: "Harald Mo (NO)" <harald.mo@pwc.com>

Hei

Ja, vi kaller inn alle medlemmar og vara til felles folkevaldopplæring med kommunestyret. Dette vert på rådhuset 15.-16. januar. Innkallinga kjem i desember.

Helsing

Kristian Stråmyr

**Fra:** Harald Mo (NO) [mailto:harald.mo@pwc.com]
**Sendt:** onsdag 16. oktober 2019 10:09
**Til:** Kristian Stråmyr <kristian.stramyr@aurland.kommune.no>
**Emne:** Folkevaldopplæringa

Hei

Blir kontrollutvalet kalla inn til folkevaldopplæringa?

**Mvh**

**Harald Mo**

PwC | Statsautorisert revisor | Direktør

Mobile: +47 95 26 13 40

Email: harald.mo@pwc.com

PricewaterhouseCoopers AS

Parkvegen 5, NO-6856 Sogndal, Norway

http://www.pwc.no

SAK 15 VEDLEGG 6

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

# Invitasjon til
# KONTROLLUTVALSKONFERANSE

**Tid og stad:**
**5. februar 2020, Thon Hotel, Skei, kl. 09:00 – 15:30**

**Påmeldingsfrist:**
**16. des. 2019**

Pris: kr. 1 250,- (+ evt. overnatting rom/frokost frå 04.02.: kr. 1.150,- pr. pers.)

**Føredragsholdar :** Medlem av Kontrollutval, rådmann, revisor, KU-sekretær
**Hovudmålgruppe:** Medlemmar og varamedlemmar av kontrollutval, politisk leiing, administrativ leiing, controllere, økonomi-/rekneskapsmedarbeidarar, KU-sekretærar og revisorar

**Program / Innhald:**

**09:00 – 09:30 : Registrering, noko å bite i, kaffe/te**

**09:30 – 09:45 : Opning, informasjon om kontroll og tilsyn**

**09:45 – 10:45 : Oppgåver, ansvar og rolledeling**

**10:45 – 11:00 : Pause, kaffe/te, pauseservering**

**11:00 – 11:30 : Opplevingar og erfaringar frå ein kontrollutvalsleiar**

**11:30 – 12:00 : Kontrollutvalet sett frå ein rådmann sin ståstad**

**12:00 – 13:00 : Lunsj**

**13:00 – 13:30 : Risiko- og vesentlegheitsvurderingar, og revisjonsplan**

**13:30 – 14:00 : Kontrollutvalet sitt planarbeid**

**14:00 – 14:15 : Pause, kaffe, tea**

**14:15 – 14:45 : Forvaltningsrevisjon**

**14:45 – 15:15 : Kontrollutvalet og rekneskapsrevisjon**

**15:15 – 15: 30 : Oppsummering / avslutning**

***NKRF/Sogn og Fjordane Kommunerevisorforeining* og FKT/*KU-sekretariatet SEKOM* ønskjer deg vel møtt til kurs og kontrollutvalskonferansen på Skei onsdag 5. februar 2020.**

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

# PÅMELDING

*til dagseminar/kurs "Kontrollutvalskonferanse" på Skei 5. februar 2020*

frå (Kontrollutval/kommune) ..............................................................................

adresse ..............................................................................................

postnr/stad.: ..............................................................................................

*som melder på disse deltakarane:* *Kryss av om overnatting frå 4.02.-05.02.20*

1. ................................................................................ ☐
2. ................................................................................ ☐
3. ................................................................................ ☐
4. ................................................................................ ☐
5. ................................................................................ ☐
6. ................................................................................ ☐
7. ................................................................................ ☐
8. ................................................................................ ☐
9. ................................................................................ ☐
10. ................................................................................ ☐

**Betaling med kr 1 250,- per deltakar til kontonummer: 3700.14.33378**
**Påmeldingsfrist 16. desember 2019.** **Påmeldinga er bindande.**

Dato: .............................. Underskrift:...............................................................

---

*Arrangøren ber om skriftlig påmelding og denne sendast per e-post til:*

terje.forde@kryssrevisjon.no

SAK 15 VEDLEGG 7



# NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2020

Tilbake til kursoversikten

## Nøkkelinfo

| | |
|---|---|
| **Fra/til** | 29.1—30.1 |
| **Påmeldingsfrist** | 12.12 |
| **Pris** | **Fastsettes senere** |
| **Sted** | The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen |
| **Varighet** | 29.1.: 10.00 - 17.00<br>30.1.: 09.00 - 13.00 |

Vi har gleden av å invitere til NKRFs årlige Kontrollutvalgskonferanse 29. - 30. januar 2020, som vanlig på Gardermoen. Vi benytter ***The Qube***, som ligger i tilknytning til hotellene Clarion Hotel & Congress Oslo Airport og Comfort Hotel RunWay.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. I 2019 samlet konferansen rundt 650 deltakere.

**Målgruppe**

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, rådmenn og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

## Program | #ku20nkrf

Programmet begynner å bli klart, og det åpnes snart for påmelding.

**Foreløpig informasjon**

Kommunal- og moderniseringsminister **Monica Mæland** har takket ja til å åpne konferansen i forbundets jubileumsår.



Monica Mæland (foto: Hans Jørgen Brun)

SAK 15 VEDLEGG 8

AURLAND KOMMUNE

# Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 072/19 | Kommunestyret | 03.10.2019 |

| Arkivsaknr.: | Arkiv | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 18/359 - 19/6840 | K1 - 014, K1 - 013 | Kristian Stråmyr | 18.09.2019 |

## Val av kontrollutval for 2019-2023

**Saka gjeld:**

**Tilråding frå rådmannen:**
Kommunestyret gjer slikt val av kontrollutval for valperioden 2019 – 2023:

Medlemmar: ......................

Varamedlemmar: ......................

**Saksframlegg**
Etter § 23-1 første ledd vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegner av kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel også sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst fem medlemar. Minst ein av medlemane i utvalet skal veljast mellom medlemane av kommunestyret. Leiaren kan ikkje vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- ordførar og varaordførar
- medlemar og varamedlemar av formannskapet
- medlemar og varamedlemar av folkevald organ med myndigheit til ta avgjerd (merk at medlemar og varamedlemar av kommunestyret likevel er valbare)
- medlemar av kommuneråd
- medlemar og varamedlemar av kommunestyrekomité.
- tilsette i den aktuelle kommunen
- personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

**03.10.2019 Kommunestyret**
Tilleggsforslag:
**Listeframlegg fremja av Per Are Flåm:**
**Liste H/AP:**
1. Frode Bekkestad (H), leiar
2. Siri Larsen Ramsøy (AP), nestleiar
3. Kjell Nordgulen (AP)

Vara:
1. Erling Sønnerheim (H)
2. Elisabeth Vindedal (AP)
3. Erling Monrad Nesbø (AP)

**Listeframlegg fremja av Audhild Rogdo:**
Liste Senterpartiet:
1. Erna Underdal Skarsbø

Vara:
1. Sturle Ryum

**Listeframlegg fremja av Gøran Johansen:**
Liste Miljøpartiet dei Grøne:
1. Kristoffer Ullern Hansen

Vara:
1. Monica Gjesdal Larsen

Per Are Flåm sette fram framlegg til liste på vegner av Arbeidarpartiet og Høgre.

Audhild Rogdo sette fram framlegg til liste på vegner av Senterpartiet.
Gøran Johansen sette fram framlegg til liste på vegner av Miljøpartiet dei Grøne.
**Røysting:**
Framlegga vart røysta over samla: samrøystes

**KS-072/19 Vedtak:**
Kommunestyret gjer slikt val av kontrollutval for valperioden 2019 – 2023:

**Liste H/AP:**
1. Frode Bekkestad (H), leiar
2. Siri Larsen Ramsøy (AP), nestleiar
3. Kjell Nordgulen (AP), medlem

Vara:
1. Erling Sønnerheim (H)
2. Elisabeth Vindedal (AP)
3. Erling Monrad Nesbø (AP)

**Liste Senterpartiet:**
1. Erna Underdal Skarsbø (SP), medlem

Vara:
1. Sturle Ryum (SP)

**Liste Miljøpartiet dei Grøne:**
1. Kristoffer Ullern Hansen (MDG), medlem

Vara:
1. Monica Gjesdal Larsen (MDG)

Samrøystes

**Vedlegg:**
Brev til kommuner og fylkeskommuner ifm valg av kontrollutvalg 2019

SAK 15 VEDLEGG 9

# AURLAND KOMMUNE
## Rådmannen

# Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | |
| | Kommunestyret | |

| Arkivsaknr.: | Arkiv | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 18/307- 19/7733 | K1 - 031, K1 - 516 | Steinar Søgaard 95984633 | 23.10.2019 |

## Organisasjonsutvikling - Aurland kommune 2018 - 2019

**Saka gjeld:**

Kommunestyret vedtok i sak 106/17 Organisatorisk endringsprosjekt –administrativ og politisk omstilling. Eit Internt prosjekt med mål om å bli meir effektive i arbeidet både knytt til støttefunksjonar, sakshandsaming, avgjerdsprosessar og vedtaksoppfølging.

Gjennomføring: Prosjekt i heile planperioden 2018-2021.

Økonomisk effekt: Prosjektet skal føre til netto reduserte rammer frå år tre. Det er forventa brutto effekt 1,0 mill. (2019) og med ytterlegare 0,9 mill. (2020).

«Det vert etablert eit hovudprosjekt for omstilling av den kommunale organisasjonen med formål å yta gode tenester til reduserte kostnader. Det skal leggast vekt på å redusera kostnad til administrasjon og kjøp av tenester. Formannskapet er styre for hovudprosjektet og rapporterer til kommunestyre.»

I møte den 20.06.19 kom kommunestyret kom med merkand om at kommunestyret skal handsame OU-prosessrapport fase 1, med forslag til endringar som eiga sak.

## Tilråding frå rådmannen:

1. Mandat for Organisasjonsutviklingsprosjekt fase 2 skal leggjast fram for kommunetyret 12. desember
2. Fokus i Organisasjonsutviklingsprosjekt fase 2 vil vere oppgåvefordeling mellom einingane og sentraladministrasjonen og kostnader/dimensjonering av tenester på alle tenesteområda
3. Det økonomiske måltalet for Organisasjonsutviklngsprosjekt fase 2 skal faststejast i samband med rullering av økonomiplan 2020-2023

**Saksframlegg**
KS- 106/17 Vedtak
Organisatorisk endringsprosjekt –administrativ og politisk omstilling
Internt prosjekt med mål om å bli meir effektive i arbeidet både knytt til støttefunksjonar, sakshandsaming, avgjerdsprosessar og vedtaksoppfølging.

(1) organisering, delegasjon og årshjul
(2) tenelege støttefunksjonar og effektiv førstelinjeteneste

Gjennomføring: Prosjekt i heile planperioden 2018-2021. Omstilling krev ressursar til prosjektleiing i første del av prosjektperioden. Det er tilrådd at dette blir prioritert innanfor den ordinære drifta. Det kan i tillegg vere aktuelt å søkje eksterne tilskot til omstillingsprosjektet.

Konsekvensar: Involverer alle tenesteeiningar og alle tilsette direkte eller indirekte, samt folkevalde.

Økonomisk effekt: Prosjektet skal føre til netto reduserte rammer frå år tre. Det er forventa brutto effekt 1,0 mill. (2019) og med ytterlegare 0,9 mill. (2020).

Rådmann har utarbeidd ein prosjektplan for OU-prosess i Aurland kommune 2018-2019. Prosjektplan vart lagt fram for Formannskapet 6. juni 2018. Prosjektplan er svar på kommunestyret sitt vedtak i KS-sak 106/17 og KS si forventning om at det vert etablert eit hovudprosjekt for omstilling av den kommunale organisasjonen med formål å yta gode tenester til reduserte kostnader. Det skal leggast vekt på å redusera kostnad til administrasjon og kjøp av tenester. Formannskapet er styre for hovudprosjektet og rapporterer til kommunestyret.

Prosjektplan har resultatmål for desse områda i fase 1:

1. Oppgåveløysing
2. Kostnader til administrasjon
3. Organisering stab og støtte

Relevante dokument i prosessen:

- Prosjektplan for OU-prosess i Aurland kommune 2018-2019, juni 2018
- Kommunekompasset, KS-konsulenter, september 2015
- Evaluering av administrativ organisasjonsmodell, Aurland kommune, mai 2007
- Resultatenhetsmodellen i kommunal organisering, kommuneforlaget, 2002
- Fokusområde for oppfølging av medarbeidarundersøkinga 2017

Rådmannen har teke slik avgjerd i arkivsak 18/307:
Med heimel i kommunelova §13-1, har rådmannen gjort slikt vedtak:

- Stabsarbeidet i Sentraladministrasjonen vert delt i to einingar; Støtte og digitalisering og Samfunn, plan og næring
  Arbeidet med rekruttering, bemanning og fordeling av oppgåver legg til grunn denne hovudstrukturen, med føringar frå OU-prosess – rapport fase 1.
  Byggesaksoppgåvene blir flytta frå teknisk eining til stabsavdelinga Samfunn, plan og næring
  Kart og oppmåling vert forsatt plassert i teknisk eining, men vil bli vurdert fortløpande.

  Vidare arbeid tek utgangspunkt i at ny organisering skal gjennomførast frå 01.01.20.

Rådmannen peika i august 2018 ut HR-sjef som prosjektleiar. Det vart tilrådd at HR-sjef sette av 40% av stillinga til denne forstudiefasen av prosjektet. Dette har ikkje vore realistisk. Fokus i denne første fasen har vore på å tilrå endra organiseringa i sentraladministrasjonen, samt tilrå vidare oppfølging i høve til resultatmål oppgåveløysing og kostnader til administrasjon. Prosjektleiar har kalla inn til avdelingsvise møte og informert om prosjektet. Prosjektleiar har hatt samtaler/medarbeidarsamtaler med tilsette i sentraladministrasjonen. 11 samtalar vart gjennomført, to samtaler er ikkje gjennomført og tre tilsette har takka nei til samtale. Prosjektleiar har informert tillitsvalde om framdrift undervegs. Det har ikkje vore drøftingar med tillitsvalde om konsekvensar for tilsette med den organiseringa som vart tilrådd. Etter at prosjektleiar har lagt fram si tilråding er det rådmann, som er prosjektansvarleg, som skal ta stilling til administrativ organisering og som tek avgjerd om kva aktivitetar som skal gjennomførast i implementeringa av ny struktur. Prosjektansvarleg

rapporterer til formannskapet som er styringsgruppe.Rapport/referatsak vart lagt fram for formannskapet 6. juni 2019.
Bemanningsplanen som vart utarbeidd i 2017 hadde fokus på dimensjonering av bemanning på ulike fagområde. Denne forstudien har ikkje fokus på dimensjonering, men på organisering og struktur. Bemanningsplanen frå 2017 har såleis vore lite relevant for denne forstudien.
Opphaveleg prosjektperiode var frå 06.06.18 til 31.10.18. Og det var ein føresetnad at prosjektet skulle følgje ÅLA-prosjektet. Prosjektet har blitt utsett tilsvarande ÅLA-prosjektet og prosjektleiar legg fram si tilråding i etterkant av at styringsgruppa i ÅLA har lagt fram si tilråding.
Prosjektet har i denne forstudiefasen hatt ein enkel prosjektorganisasjon med prosjektleiar, prosjektansvarleg og formannskapet som styringsgruppa. Det har ikkje vore etablert prosjektgruppe, men prosjektleiar har involvert tilsette i stab og støtte individuelt og avdelingsvis og tillitsvalde har fått informasjon i møte. Tilsette ved teknisk har indirekte vore involvert sidan dei har vore med i ÅLA-prosjektet. Prosjektperioden har vore frå juni 2018 til mars 2019.

**Vurdering**
Med bakgrunn i tilgjengeleg dokumentasjon, eigne analyser og innspel frå tilsette i sentraladministrasjonen, tilrådingar frå prosjektleiar, har rådmannen gjort slike vurderingar:

- To-nivåmodell og samfunnsperspektivet: Aurland kommune er ein liten og oversiktleg kommune og det er ikkje behov for å etablere eit tredje fullmaktsnivå med sektororganisering for sikre god styring og leiing av den kommunale organisasjonen. Kommunen må likevel vere organisert slik at den kommunale organisasjonen kan ivareta både funksjon som samfunnsaktør og tenesteytar. I ein to-nivåmodell er det slik at tenesteytinga er organisert som resultateiningar med delegert mynde innan drift, økonomi og personal. Utgangspunktet er at einingane skal levere god nok kvalitet til lågast mogeleg kostnad. Samfunnsoppgåvene og støtte- og utviklingsoppgåvene er sentralisert i ein to-nivåmodell. Aurland kommune har dei siste åra auka tal stillingar i samfunnssektoren og har eit godt utvikla samfunnsperspektiv. Kommunen treng likevel å vidareutvikle system for strategisk, planmessig og heilskapleg utviklingsarbeid. Både innanfor samfunnsoppgåver og innanfor organisasjonsutvikling. For å hente ut effektar av styrkinga er det rådmannen sin vurdering at det er behov for å jobbe medvite med oppgåveklarheit og rolleklarheit mellom sentrale funksjonar i stab og tenesteeiningane. Kva betyr dette i praksis? Rådmannen har vurdert det slik at kommunen framleis skal vere ein to-nivåmodell med to fullmaktsnivå, rådmann og tenesteleiar, med delegert mynde innanfor fag, økonomi og personal. Det må arbeidast vidare med oppgåve- og rolleklarheit mellom stab og tenesteeiningane. Ei endring av to-nivå modellene kan vurderast nærmare i OU-prosjekt Fase 2.
- Politisk organisering: Den politiske organiseringa i inneverande kommunestyreperiode har ikkje spegla den administrative organiseringa. Det er ulemper ved dette. Evaluering av politiske struktur skal vere tema i ei eiga evaluering.
- Tenestestandard og kostnadsnivå: I fase 1 av prosjektet er det fokus på organisering av sentraladministrasjonen, oppgåveløysing og kostnader til administrasjon. I fase 2 vil det vere fokus på tenestestandard og kostnadsnivå på einingane. Ei meir reindyrking av drift på einingane føreset at tenelege støttetenester og at eit meir heilskapleg arbeid med samfunnsoppgåver er på plass.
- Administrativ leiing/rådmann sitt kontrollspenn: Rådmann har i dag direkte personalansvar for meir enn 15 tilsette i stab og tenesteleiarar. Denne modellen fører til at mykje av rådmann si tid går med til direkte oppfølging av tenesteleiarar og naudsynte avklaringar på tenestenivå. Rådmann er mindre tilgjengeleg, involvert og synleg i overordna strategi- og utviklingsarbeid og har mindre kapasitet til å følgje opp det politiske nivået. Rådmannen endrar/opprettar ei kommunalsjefstilling som vil få i oppgåve å følgje opp tenesteleiarane. Kommunalsjefen skal ha same mynde som rådmannen. Dette for å sikre effektivitet og gjennomføringskraft. Kommunalsjefen vil i denne modellen ha direkte personalansvar for 10 tilsette pluss oppfølging av

samarbeidet med NAV. Rådmann vil i ein slik modell ha direkte personalansvar for kommunalsjef og to mellomleiarar.

- Todeling stab og støtte: Rådmannen har vurdert ei todeling av stab- og støtte, og innfører ei avdeling for støtte og digitalisering og ei avdeling for samfunn, plan og næring. Leiar for støtte og digitalisering er allereie på plass. Leiar for samfunn, plan og næring skal på plass seinast 01.01.20. Digitalisering er framheva fordi dette er dette vil vere ein viktig fellesnemnar for støttetenestene framover. Utvikling av kommunen framover føreset mellom anna at kommunen har evne til å ta i bruk ny teknologi, at vi er innovative og har auka fokus på brukardialog.
- Utvikling av den kommunale organisasjonen og overordna arbeidsgjevarfunksjon: I dagens modell er det rådmann og HR-sjef som utgjer den administrative leiinga i kommunen. For eit par år sidan vart stilling som assisterande rådmann teke vekk og stilling som HR-sjef vart oppretta. HR-sjef er rådmann sin stadfortredar og er ein del av rådmann si leiargruppe. Overordna arbeidsgjevarfunksjon, som i dag ligg til stilling som HR-sjef, låg tidlegare til assisterande rådmann. Når det gjeld fagområde HR/personal og diverse sakshandsaming, så er dette tilrådd som eit eige fagområde knytt til avdeling for digitalisering, økonomi og støttetenester. HR/personalområde sitt ansvarsområde er knytt til utvikling av kommunen som organisasjon m.a. arbeidsgjevarpolitikk, kompetanse. Andre utviklingsoppgåver som naturleg ligg til støttetenestene er støtte til gjennomføring av brukarundersøkingar og utarbeiding av sørviserklæringar. Kommunen har innført BI som eit felles styringssystem for økonomi med måleindikator på e-handel, sjukefråvær og budsjettoppfølging. Kommunen har beslutta å innføre eit felles kvalitetssystem for heile kommunen. Kommunen har elles ein del rutinar og aktivitetar i årshjulet knytt til styring og som er element i rådmann sin internkontroll. Rådmannen legg til grunn at leiar for digitalisering, økonomi og støttetenester får ei særleg ansvar for utvikling av den kommunale organisasjonen og støttesystem for styring og kontroll. Dette kan i praksis innebere at det støttefunksjonane bør styrkast for å kunne møte auka krav til styring og kontroll.
- Strategisk og heilskapleg utviklingsarbeid: Rådmann har i dag ein stadfortredar, men ikkje ei strategisk leiargruppe. Med den nye organiseringa av Sentraladministrasjonen vil rådmannen etablere ein struktur internt som ivaretek heilskapen. Heilskapen er viktig med tanke på overordna kommunal planlegging, implementering av vedtak/planar, reformoppfølging, felles tema som t.d. brukarmedverknad, miljø og folkehelse. Både evaluering av den administrative organiseringa, mai 2007 og kommunekompasset september 2015 peikar på at kommunen manglar dette strategiske nivået. Rådmannen vil formalisere dette strategiske nivået, og at gruppa må ha oppgåver knytt til samfunnsutvikling, oppfølging av tenesteytinga og utvikling av organisasjon. Dei som sit i gruppa skal ha eit felles ansvar for strategisk arbeid.
- Tenesteutvikling: Sjølv om det blir etablert ei strategisk gruppe og arbeid med samfunnsoppgåver i større grad er sentralisert, ligg det forventningar til alle fagområde i kommunen om å delta og vere involvert i utviklings-, analyse og strategiarbeid i tillegg til driftsoppgåver. Med avgrensa tilgang på ressursar er det ofte utfordrande å prioritere utviklings- og strategiarbeid slik at driftsoppgåver oftast tek mesteparten av tida. Denne utfordringa vil vere der uavhengig av organisering. Utviklingsstøtte i sentraladministrasjonen er til god hjelp for einingane i sitt utviklingsarbeid.
- Sentralisering av oppgåver: Ein del oppgåver er i dag definert som eigne fag med eigen fagleiar/fagkoordinator i sentraladministrasjon. På andre fagområde blir arbeidsoppgåvene utført av tilsette på einingane. Innanfor fagområda HR/personal og innkjøp blir det tilrådd å vurdere om ein del av oppgåvene skal sentraliserast for få meir spesialisert og einsretta handtering av saker innanfor desse fagområda. Rådmannen har vurdert det slik at avdelinga samfunn, plan og næring omfattar fagområde byggesak som i dag er ein del av teknisk eining. Eit større fagmiljø, meir samarbeid og utnytting av tilgjengeleg kompetanse er nokre av fordelane. Det er og ei føremon at ansvaret for drift og forvaltning blir mest mogeleg delt. Slik desse oppgåvene er organisert i dag har tenesteleiar for teknisk konkrete saker ansvar for kommunen sine eigne søknader og handsaming av byggjesøknader.

**Vedlegg til saka:**

Organisasjonsmodell Sentraladministrasjonen gjeldande frå 01.01.20

**Uprenta vedlegg til saka:**

**Fig 1 Organisasjonsmodell Sentraladministrasjonen gjeldande frå 01.01.20 – Fargeforklaring: Gult er fullmaktsnivå 1, Grøn er fullmaktsnivå 2**



SAK 15 VEDLEGG 10



***Møte i kontrollutvalet i Aurland, 19.11.2019***

Tema:
1. Grunnleggande regelverk for kontrollutvalet
2. Kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen m.m

pwc

1. Regelverket som regulerer kontrollutvalet sitt arbeid:

- Kontrollutvalet sitt arbeid er heimla i (den nye) kommunelova kapittel 23 og i (den nye) forskrifta om kontrollutval.
- Reglane trer i kraft frå og med det konstituerande møtet i kommunestyret/ fylkestinget
- Øvrige reglar om internt tilsyn og kontroll i kommunen, samt om revisjon, står i kommunelova del 7 (kapittel 22 følgjande).

## Kommunelova § 23-1: Kontrollutvalget

1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.

2. Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

3. Utelukket fra valg er ...

4. Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmene velges på nytt.

## Kommunelova § 23-2 - Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at:

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.

a) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak

a) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i

a) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

a) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

## Kommunelova § 23-2 forts. (Kontrollutvalgets ansvar og myndighet)

Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret eller fylkestinget når utvalgets saker skal behandles. Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne.

Kontrollutvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.

Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukkete møter i folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget kan selv bestemme at denne retten ikke gjelder lukkete møter i kommunestyret og kommunerådet eller fylkestinget og fylkesrådet.

Departementet kan gi forskrift om kontrollutvalgets oppgaver og saksbehandling.

## Kommunelova § 23-3: Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjon. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

## Kommunelova § 23-4: Eierskapskontroll

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

## Kommunelova § 23-5: Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.

*Møte i kontrollutvalet 19.11.2019*

2. Kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen, jamfør tilrådingar frå Kommunaldepartementet

pwc

## 2. Kommunestyret sitt kontrollansvar

- Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda.
- Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap til å føre løpande kontroll og tilsyn med forvaltninga, på vegne av kommunestyret.
- God forståing og respekt for kvarandre sine roller er avgjerande for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet. Det er difor viktig at kommunestyret legg til rette for god dialog og informasjonsutveksling
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

## 3. Kva kan kommunestyret gjere?

- Kommunestyret fyller sitt kontrollansvar mellom anna ved å skape gode rammevilkår for arbeidet i kontrollutvalet
- Gjere det attraktivt å sitje i kontrollutvalet
  1. Stille krav til kompetanse
  2. Sikre midlar til at kontrollutvalsmedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver
- Sikre at utvalet har eit godt sekretariat
- Gje tilstrekkelige løyvingar
- Kommunestyret kan påleggje kontrollutvalet å gjennomføre tilsyns- og kontrolloppgåver

## 4. Kort og godt om kontrollutvalet (henta frå Kontrollutvalsboka side 27)

- Kontrollutvalet har ein sjølvstendig innsynsrett som gjeld alle tilhøve utvalet finn det naudsynt å undersøke
- Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar
- Dei alminnelege reglane om teieplikt gjeld for kontrollutvalet
- Kontrollutvalsmedlemmene bør vere ekstra aktsame i sine vurderingar av habilitet
- Det er opp til kommunestyret å avgjere kva sekretariats- og revisjonsordningar kommunen ynskjer
- Kontrollutvalet må utforme gode bestillingar med konkrete problemstillingar til forvaltningsrevisjon
- Kontrollutvalet bør forsikre seg om at revisjonen har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse
- God dialog mellom kontrollutval, sekretariat og revisor medverkar til å gjere kontroll- og tilsynsarbeidet betre og meir effektivt

## 5. Kva kan medlemmene i kontrollutvalet gjere?

- Vere proaktive, finne dei rette sakene
- Vere uredde – tore å ta opp "sensitive" saker
- Vere trygg i rolla som kontrollutvalsmedlem
- Vere konkrete og saklege
- Orientere kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid
- Lag gode planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og gjere gode revisjonar
- Orientere kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid
- "Sile ut" saker som ikkje har noko i kontrollutvalet å gjere

## Tilrådingar frå KRD om samspelet mellom kontrollutvalet og kommunestyret

- Tilråding 73: Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Tilråding 74: Rolla som medlem i kontrollutvalet tilseier at ein ikkje tenkjer parti, men kontroll.
- Tilråding 75: Det er behov for rettleiing om rolla og arbeidet som medlem i kontrollutvalet. Rettleiinga bør få fram hovudtrekk i dei forventningane og rettane som ligg til rolla som medlem i utvalet, mellom anna i lova og forskrifta. Rettleiinga bør òg få fram ulike personlege erfaringar om korleis kontrollutvalet og medlemmene kan lukkast med oppgåvene og ansvaret sitt. Rettleiinga bør vidare få fram korleis ordføraren, administrasjonssjefen, revisoren og sekretariatet kan medverke til at kontrollutvalet lukkast.
- Tilråding 76: Kommunestyra må forstå og ta ansvaret for å leggje til rette for ein velfungerande eigenkontroll. Dette handlar òg om tilstrekkelege løyvingar.

## Tilrådingar om samspelet mellom kontrollutvalet og administrasjonen

**TILRÅDINGAR OM SAMSPELET MELLOM KONTROLLUTVALET OG ADMINISTRASJONSSJEFEN**

- Tilråding 77: Kontrollutvalet bør sende kopi av møteinnkallingane sine til administrasjonssjefen for å halde henne eller han orientert.
- Tilråding 78: Administrasjonssjefen bør trekkjast inn i arbeidet med den overordna analysen som ligg til grunn for planen for forvaltningsrevisjon.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 16/2019 Utkast til møteplan for 2020

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Harald Mo | 19.11.2019 | 16/2019 |

### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2020.

### VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | | Sekretariatet | Utkast til møteplan for 2020 |

**Saksutgreiing:**

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2020. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.

**Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Aurland kommune 2020**

I tillegg til desse sakene kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Tidspunkt for møta er 09.00 – 11.00 (lengde avhengig av saksomfang)

| **Møte** | **Tidspunkt** | **Saker:** |
|---|---|---|
| 1. møte | 11. februar | • Årsmelding for kontrollutvalet<br>• Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak) |
| 2. møte | 28. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar) | • Årsrekneskap for kommunen (uttale frå kontrollutvalet)<br>• Bestilling av forvaltningsrevisjon/selskaps-kontroll (tentativt) |
| 3. møte | 9. juni | • Gjennomgang tertialrapport (1. tertial) |
| 4. møte | 15. september | • Oppfølging av eventuelle revisorbrev<br>• Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon)<br>• Handsaming av forvaltningsrevisjonsprosjekt |
| 5. møte | 17. november | • Orientering om eventuelle selskapskontrollar<br>• Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial)<br>• Årsmelding for kontrollutvalet – innspel frå medlemmane<br>• Møteplan for neste år |

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 17/2019 Førebuing planarbeid - Plan for forvaltningsrevisjon 2019 - 2023

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Harald Mo | 19.11.2019 | 17/2019 |

## KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram som drøftingssak for kontrollutvalet.

---

## BAKGRUNN

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen si verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Forvaltningsrevisjonen og eigarskapskontrollen skal vere basert på ein plan for gjennomføring, som skal utarbeidast for kvar valperiode, og vedtakast av kommunestyret. Sjå vedlagt lovtekst frå kommunelova:

***§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet***

*Kontrollutvalget skal påse at*

...

*c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.*

*d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*

***§ 23-3. Forvaltningsrevisjon***

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

***§ 23-4 Eierskapskontroll***

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

*Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke*

*eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

Ut frå dette må kontrollutvalet i løpet av 2020 legge ein plan for gjennomføring av ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd med sikte på å lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for valperioden.

**Kva er ei risiko- og vesentlegheitsvurdering?**

Føremålet med ei risiko- og vesentlegheitsvurdering er å få fram relevant informasjon om verksemdsområda og eigarinteressene til kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Med risiko meiner vi her faren for avvik frå t.d. regelverk. Med vesentlegheit meiner vi her kor stor effekt det har (kor alvorleg er det) om noko går gale på eit verksemdsområde.

Risiko- og vesentlegheitsvurderinga bør såleis munne ut i ei oppsummering som viser dei verksemdsområda kommunen driv der det er størst risiko for avvik, samt der avvik vil få stor effekt.

Får ein til ei god risiko- og vesentlegheitsvurdering vil ein såleis ha eit godt grunnlag for å prioritere kva forvaltningsrevisjons- og eigarskapskontrollprosjekt som bør vere med i planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

**Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon:**

Kommunestyret vedtok den 08.09.2016 Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 samt plan for gjennomføring av selskapskontroll for Aurland kommune 2015-2019 (sak 73/2016).

Følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt vart vedteke, i prioritert rekkjefølgje:

1. Kompetanse, sakshandsaming og fristar
2. Spesialomsorga
3. Økonomistyring
4. Kommunikasjon, informasjon og openheit
5. Organisasjon og struktur

**Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i perioden 2015-2019:**

I 2017 (sak 4/17) handsama kontrollutvalet forvaltningsrevisjon Kompetanse, sakshandsaming og fristar.

Forvaltningsrevisjon for Spesialomsorg vart handsama i sak 20/2017.

Forvaltningsrevisjon Evaluering arbeidet med oppattbygging etter flaumen i 2014 vart handsama i sak 10/2019. Denne forvaltningsrevisjonen vart gjennomført etter vedtak i kommunestyret og var ikkje del av forvaltningsrevisjonsplanen.

Prosjekta 1. Økonomistyring, 2. Kommunikasjon, informasjon og openheit og 3. Organisasjon og struktur er ikkje gjennomført i perioden

**Kva skjer fram til ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er bestemt?**
Inntil ein har fastsett nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, gjeld planane som vart vedtekne i 2016. Dersom ein får midlar til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i 2020 må kontrollutvalet i utgangspunktet halde seg til desse planane inntil ny plan er vedteken.

**I møtet bør kontrollutvalet gjere ei innleiande drøfting av korleis ein skal legge opp arbeidet med ny risiko- og vesentlegheitsvurdering og nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.**

Kontrollutvalet kan enten legge arbeidet med utarbeiding av ein overordna analyse til sekretariatet, revisor eller anna innleigd hjelp. Det er uansett organisering viktig at kontrollutvalet sjølv er sterkt engasjert i dette arbeidet. I budsjettframlegget til kontrollutvalet er det bedt om midlar til kjøp av tenester til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Resultatet av budsjettprosessen vil såleis vere avgjerande for kor omfattande arbeid ein kan legge opp til.

Ein måte å gjere dette på er å ha drøftingar med gruppeleiarane, ordførar, rådmann og leiar for utvalte tenesteeiningar, samt tillitsvalte og verneombod. Basert på deira innspel, samt kunnskapen medlemmene i kontrollutvalet sjølv har, bør kontrollutvalet kunne skilje ut dei områda der ein vurderer at risikoen er middels/høg for at kommunen har ein praksis som kan innebære vesentlege avvik i høve til lov/forskrifter.

I dei to siste valperiodane har kontrollutvalet vedteke at sekretariatet skulle utføre arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderingar (då kalla "overordna analyse") saman med kontrollutvalet.

I gjeldande avtale mellom sekretariatet og kommunen er det opna for at sekretariatet kan gjere denne jobben etter nærmare avtale med kontrollutvalet. Det vil då ikkje vera krav til å lyse arbeidet ut på anbud.

Føremålet med handsaminga i møtet bør vere å legge ein plan for vidare arbeid.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 18/2019 Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Harald Mo | 19.11.2019 | 18/2019 |

## KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Vedlagt tilbodsgrunnlag vert sendt over til innkjøpsavdelinga i Aurland kommune for kunngjering på Doffin innan utgangen av desember 2019. Svarfrist for å levere inn tilbod vert sett til 15. februar 2020.

Innkomne tilbod vert handsama i neste møte i kontrollutvalet, og basert på kontrollutvalet si vurdering av dei innkomne tilboda vert det laga ei tilråding til kommunestyret om val av tilbydar av revisjonstenester for perioden 01.07.2020 - 30.06.2022. Avtala vil ha ein opsjon på forlenging for perioden 01.07.2022 - 30.6.2024.

## VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 19.11.2019 | Sekretariatet | Unnteke offentlegheit etter offentlegheitslova § 14. Konkurransegrunnlag for kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune |

Utkast til konkurransegrunnlag er unnateke offentlegheit etter offentlegheitslova § 14 for å sikre at alle tilbydarar får innsyn i konkurransegrunnlaget samtidig.

## BAKGRUNN

For perioden 01.07.16 til og med 30.06.2020 har Aurland kommune avtale med KPMG om levering av revisjonstenester. Eksisterande avtale går ut med verknad frå 30.06.2020. Ut frå dette må det innhentast tilbod på kjøp av revisjonstenester frå og med 01.07.2020.

Det følgjer av "Lov om offentlige anskaffelser" at ein må innhente tilbod på denne type tenester gjennom ein offentleg anbodsrunde. Utlysninga på Doffin vil skje gjennom innkjøpsfunksjonen i Aurland kommune.

Etter at tilbod er mottatt vil det bli vurdert om leverandørane tilfredsstiller kvalifiseringskriteria i konkurransegrunnlaget. Dei leverandørane som ikkje tilfredsstiller kvalifiseringskriteria vil ikkje komme vidare i konkurransen.

Det blir deretter gjort ei evaluering av tilboda til dei leverandørane som blir kvalifiserte. Ved denne kjøpsforma, kan det ikkje gjennomførast forhandlingar om tilboda. Det kan berre gjennomførast samtaler for å oppklare eventuelle uklarhetar eller for å få tilleggsinformasjon.

Basert på vedlagt konkurransegrunnlag (sjå vedlegg 1), og saksutgreiinga under må kontrollutvalet ta stilling til utlysing av anbod på revisjonstenester.

## SAKSUTGREIING

Kontrollutvalet og revisjonen er kommunestyret sitt verkty for å kontrollere at politiske organ og administrasjonen si verksemd og aktivitetar skjer i tråd med reglar, mål og føringar som er gitt.

### Lovverk

Kontrollutvalets sine oppgåver er spesifisert i kommunelova § 23-2. Her står det at kontrollutvalet skal sjå til:

*a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*

*b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

*c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*

*d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*

*e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.*

Kontrollutvalet sine oppgåver vedkomande revisjon er ôg omtalt i forskrift for kontrollutvalet. I forskrifta § 3 går det fram at kontrollutvalet skal halda seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at årsrekneskapen til kommunen blir revidert på ein betryggande måte, at revisjonen blir utført i tråd med lov, forskrift og etter instruksar frå kontrollutvalet, samt påsjå at revisjonen vert utført av revisor som oppfyller krava i forskrifta kapittel 2 og 3.

I § 4 går det fram at kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatet av desse.

I § 5 går det fram at kontrollutvalet skal sjå etter at kommunestyret sitt vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir følgt opp og rapportera om vedtaket blir følgt opp.

### Bestillingsdokument

Sekretariatet har utarbeidd utkast til eit konkurransegrunnlag for offentleg utlysning for revisjon av revisjonstenester som spesifisert i konkurransegrunnlaget kapittel 4.1.

I tillegg til å omfatte ordinær rekneskapsrevisjon omfattar konkurransegrunnlaget andre revisjonsoppdrag, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og eventuelle rådgjevingsteneste frå revisor.